




SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING skuleåret 2016/2017

Elev- og lærlingombodet



Innhald

Side	3	Føreord
	3	Innleiing
	4	Førebyggjande arbeid mot mobbing
	5	Ansvarleggjering
	5	Stand på skulane
	5	Den gode samtalen
	5	Yrkesmesser og karrieredagar
	5	Fylkesting for ungdom
	6	Hovudutval for opplæring og fagopplæringsnemnda
	6	Kurs og konferansar
	6	Ny rekord på lærlingsamlingane
	7	Samarbeid med Elevorganisasjonen
	7	Elevmedverknad
	8	Korleis utvikle synlege og velfungerande elevråd
	8	Utfordringar framover når det gjeld elevrådsarbeid
	8	Tal saker totalt
	9	Saker frå elevane
	9	Saker frå lærlingar
	10	Oversikt over dei ulike opplæringskontora
	11	Utfordringar framover når det gjeld elevar
	11	Utfordringar framover når det gjeld lærlingar
	11	Oppsummering

FØREORD

Rolla som brubbyggjar mellom dei ulike instansane er sentral i arbeidet til elev- og lærlingombodet, som også er mobbeombod. Det er viktig at dei involverte partane i ei sak blir ansvarleggjort.

Ombodet arbeider for at det ikkje blir gjort urett mot elevar og lærlingar, og at dei som jobbar innan vidaregåande opplæring ikkje forsømmer sine plikter overfor denne gruppa.

INNLEIING

Arbeidet til ombodet dreiar seg i all hovudsak om å bevisstgjere elevar og lærlingar når det gjeld rettar og plikter. Dersom dei opplever problem i opplæringssituasjonen kan dei ta kontakt med elev- og lærlingombodet for å få råd og hjelp. Ombodsordninga er meint å vere eit lågterskeltilbod der ein kjem tidleg på bana før problemet er blitt for stort. Elevar og lærlingar i Sogn og Fjordane er flinke å ta kontakt på eit tidleg stadium. Av den grunn blir dei aller fleste problem løyste på lågast mogleg nivå. Elev- og lærlingombodet har teieplikt og jobbar på eit fritt og sjølvstendig grunnlag. Nettopp det er viktig for ikkje å bli oppfatta som "buk og havresekk". Ombodet fokuserer på korleis elevane og lærlingane sjølve kan vere med å påverke kvaliteten på si eiga opplæring, og korleis ein går fram for å ta opp ei sak med næraste overordna. I Sogn og Fjordane er det inneverande skuleår 4022 elevar og 1161 lærlingar. Korleis førebyggje mobbing har vore hovudfokus inneverande skuleår og er difor også hovudfokus i denne årsmelding.



Trivselstiltak på Mo og Øyrane vidaregåande skule
Foto: Venke Nordeide

FØREBYGGJANDE ARBEID MOT MOBBING

På skulebesøka både haust og vår legg ombodet spesielt vekt på å engasjere elevane sjølve i det førebbyggjande arbeidet mot mobbing og har oppfordra til følgjande konkrete tiltak inneverande skuleår:

- Elevrådet planlegg korleis dei skal arbeide med mobbeproblematikken i klassane.
- Lærarane deltek i planarbeidet og hjelper klassetillitsvalde med å diskutere og gjennomgå planen i klassane.
- Alle tilsette skal føle eit ansvar for alle elevar ved skulen og bry seg når ein ser episodar eller handlingar som kan tolkast som mobbing.
- Alle elevar og føresette har eit ansvar for å varsle rektor, lærarar, tillitsvalde eller andre viss dei får vite om mobbing.
- Legge til rette for å byggje opp gode relasjonar både i klassane og mellom klassane ved å halde fast på miljøtiltak som til dømes "Bli-kjent-dag/-tur", open skule og liknande.
- Klassemiljø som tema både i elevråd og klasselærarråd.
- Skape ei felles forståing av kva mobbing er.
- Vere bevisst på at eigen veremåte kan oppfatast som mobbing.
- Tid til refleksjon over arbeidet hittil og legge planar framover.

I tillegg til ovannemnde oppfordrar ombodet elevane til å jobbe med læringsmiljøet gjennom opplegg frå "MOT", "Drømmeskolen" og "Trygg læring".

"MOT": Gjennom konseptet MOT har skulen ein berebjelke for eit systematisk og metodisk arbeid med eit stabilt og godt skulemiljø. MOT inkluderer også elevane på ein heilt spesiell måte gjennom "Unge Motivatorar". Det er tittelen på elevrepresentantane som bidreg med MOT-konseptet i klassane og på skulen med til dømes skulevandringar.

"DRØMMESKOLEN" som konsept har ein meir langsiktig strategi og elevane arbeidar på ein demokratisk måte med reglar og planar for klassemiljøet gjennom heile året. Sogn og Fjordane er eit av fire fylke som er med i eit forskingsprosjekt der det blir forska på korleis "Drømmeskolen" spelar inn når det gjeld gjennomføring.



Elevrådsrepr. ved Sogndal vidaregåande skule
Foto: Venke Nordeide

"TRYGG LÆRING" er eit konsept med verktøy som stimulerer til utvikling av empati, evne til samarbeid, sjølvkontroll og ansvarskjensle. I tillegg til førebbyggjande arbeid inneber systemet opplæring i og bruk av elevmekling på skulen. Elevmekling kan brukast dersom relasjonane mellom elevar eller mellom elev-lærar blir skada, og meklinga bidreg til å reparere relasjonen. Den førebbyggjande delen er den mest omfattande og inneber trening i grunnleggjande sosiale ferdigheiter. Elev- og lærlingombodet har gjennom skuleåret vore på kurs i ovannemnde konsept, og formidlar den kompetansen vidare til elevane.

ELEVUNDERSØKELSEN er med på å gi svar på om skulane leverer ei god teneste når det gjeld god skulekvardag for elevane. Ombodet veit at elevundersøkelsen er ein viktig reiskap for skulen i kvalitetsutviklinga. Det vil sei at undersøkelsen blir brukt aktivt for å forbetre område som ikkje får så godt resultat.

ANSVARLEGGJERING

Læring og trivsel forutset aktivitet, dialog og tovegs kommunikasjon. Ein god læresituasjon er eit samspel mellom den som formidlar stoffet og den som tar i mot. Ombodet oppfordrar til ei positiv innstilling der alle er bevisste på at kvar og ein har eit ansvar for å skape trivsel. Dette kan bidra til eit positivt læringsmiljø og kan verke førebyggjande mot mobbing og annan destruktiv åtferd.

"STAND" PÅ SKULANE

I tillegg til å tilby skulering og møte med elevråda har ombodet hatt ekstra god erfaring med å ha "stand" rundt om på skulane. Det fungerer slik at ombodet får tildelt eit område på skulen slik at elevar som har spørsmål kan ta direkte kontakt med ombodet der og då.

På desse standane informerer eg også om rettar og plikter. I tillegg har eg med plakatar og informasjonsmateriell. Dette er ein fin måte å komme i direkte kontakt med elevane pluss at nye elevar blir kjend med ordninga. Mange tek kontakt med spørsmål på desse standane. Det er også lettare å ta kontakt i ettertid når elevane er blitt kjende med ombodet.

DEN GODE SAMTALEN

Når elevar og lærlingar ber om ein samtale med ombodet blir det sett av tid til dette så snart som råd er. Det handlar om å vise respekt for enkeltmennesket og ta problemstillingar på høgste alvor. For enkelte kan det vere nok å lufte eit problem, men som oftast ber dei om råd og hjelp til aktiv problemløysing.

YRKESMESSER OG KARRIEREDAGAR

Ombodet ser det som viktig å vere mest mogleg på arenaer der elevar og lærlingar er. I tillegg til skulebesøk, bedriftsbesøk og lærlingsamlingar har ombodet også delteke på yrkesmesser, karrieredagar og ulike arrangement i regi av open skule. Dette er gode arenaer for å møte ungdommen og å gi informasjon til noverande og framtidige elevar og lærlingar.



Fylkesting for ungdom
Foto: Venke Nordeide

FYLKESTING FOR UNGDOM

Elev- og lærlingombodet vart invitert til å halde helsingstale til fylkesting for ungdom. Tema for talen var det

pågåande førebyggjande arbeidet mot mobbing, og ei oppfordring til at vi alle er bevisste på dette temaet til eikvar tid. Vi har alle eit ansvar for våre medmenneske og for å hindre mobbing. Ombodet har også jamleg kontakt med UPU gjennom heile skuleåret.

HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING OG FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

Ombodet har møte- og talerett på møta i hovudtval for opplæring og i fagopplæringsnemnda. Det er nyttig å delta, komme med innspel og halde seg løpande orientert om kva som skjer innan opplæringssektoren.

KURS OG KONFERANSAR

Alle elev- og lærlingomboda i landet samlast fleire gonger i året for utveksling av idèar og samtalar kring felles utfordringar. I tillegg deltek vi på aktuelle kurs som er særleg relevante for ombodsjobben vår. Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane har delteke på følgjande kurs/konferansar gjennom skuleåret:

- Mobbing i skulen, Sande skule
- Kurs for faglege leiarar og instruktørar, Skei
- Yrkes NM, Bergen
- Internasjonalisering i framtidens skule, Bergen
- Konfliktløsning og skulemiljø, Trygg læring, Oslo
- Elevrådsskulering, Trygg læring, Oslo
- Læringsamlingar i heile fylket
- Møte med Elevorganisasjonen, Førde
- Felles fagdag/temadag for hovudtval for opplæring og fagopplæringsnemnda, Førde
- Saman mot mobbing, Sotra Arena
- Sjumilsstegkonferansen, Loen
- Fagbrevutdeling, Loen
- Ombodssamlingar, Oslo og Bodø
- Intervju om ny "mobbelov", NRK Sogn og Fjordane og Vestlandsrevyen



Elev- og lærlingomboda i landet på samling i Bodø
Foto: Nordland fylkeskommune

NY REKORD PÅ LÆRLINGSAMLINGANE

Læringsamlingar er viktige arenaer for lærlingane. Fleire aktørar som jobbar for og med lærlingar blir inviterte til å halde innlegg på samlingane, mellom dei undertekna. Regionvise samlingar har dei siste åra vore arrangerte både i Sogn, Nordfjord og Sunnfjord. I 2017 var det ny rekord i antal lærlingar som deltok på samlingane i alle tre regionane.



Læringsamling
Foto: Venke Nordeide

SAMARBEID MED ELEVORGANISASJONEN

Elevorganisasjonen i Noreg, heretter omtalt som EO, er ein partipolitisk uavhengig interesseorganisasjon med og for elevar. I tillegg til hovudstyre sentralt har kvart fylke sin eigen avdeling med eit styre. Elev- og lærlingombodet og Elevorganisasjonen har også i år hatt eit godt samarbeid. Eitt døme på dette er skulebesøka tidleg haust. Underteikna avtalte dag og tid med kvar einskild skule, og vi fordelte tid til informasjon, skulering av elevråd og opplegg elles. Ombodet og EO ønskjer å halde fram med det gode samarbeidet.

ELEV MEDVERKNAD

Opplæringlova legg vekt på aktiv medverknad frå elevar. Dette er ikkje minst viktig i spørsmålet som vedkjem skulemiljøet. I utgangspunktet er det fylkeskommunane som har ansvaret for at dei lovfesta råd og utval blir oppretta, og at dei fungerer slik lova krev. Dei ulike lovpålagde utvala er:

- Skuleutval
- Elevråd
- Skulemiljøutval

Skuleutval: Eit rådgjevande organ som i utgangspunktet er utan avgjerdsmynde, men kan bli delegert dette av fylkeskommunen. Utvalet uttalar seg om alle saker som vedkjem skulen.

Elevråd: Elevane sitt eige organ. Ved kvar vidaregåande skule skal det vere eit elevråd med minst eit medlem for kvar tjuande elev. Elevrådet jobbar for velferdsinteresser, arbeidstilhøve og læringsmiljøet for elevane.

Skulemiljøutval: Skal vere eit rådgjevande organ for skulen i arbeidet med skulemiljøet. Kan slåast saman med andre utval, men skal då utvidast medlemsmessig slik at elevane har fleirtal. Utvalet har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulemiljøet.



Elevrådet ved Eid vidaregåande skule
Foto: Venke Nordeide



Elevrådet ved Dale vidaregåande skule
Foto: Venke Nordeide

KORLEIS UTVIKLE SYNLEGE OG VELFUNGERANDE ELEVRÅD?

Ein av føresetnadene for å drive eit godt elevråd er at elevrådsarbeidet blir støtta av leiinga på skulen. Elevrådet skal ha eigen kontaktperson blant personalet som skal bistå og følge opp arbeidet. Elevane må få opplæring i å drive elevråd, det må setjast av tid, og dei må få kontorlokaler med utstyr slik at dei kan utføre elevrådsarbeidet.

Nokre elevråd gir uttrykk for at det er vanskeleg å få alle elevrådsrepresentantane til å engasjere seg i elevrådsarbeid. Difor har ombodet valt å fokusere på motivasjons- og møtearbeid ved skulebesøka. Følgjande punkt har det blitt jobba med:

- Informere aktivt om kva elevrådet har fått til.
- Vere strukturert. Lage årshjul eller møteplan og la denne, saklister og referat vere lett tilgjengeleg for alle elevane på skulen.
- Informere alle elevane på skulen om kva elevrådet til ei kvar tid jobbar med. Informasjonen kan gå gjennom tillitselevane i kvar klasse.
- Involver heile elevrådet i kva elevrådsstyret jobbar med.
- Sett i gang aktivitetar/miljøtiltak for alle, vere synlege i skulekvardagen.

UTFORDRINGAR FRAMOVER NÅR DET GJELD ELEVRÅDSARBEID

Viktig med oppdatert informasjon på skulane sine nettsider om kven som sit i elevrådet og kontaktinformasjon til desse.

Vidare er det viktig å komme tidleg i gang med elevrådsarbeidet om hausten. Nokre vel nytt elevrådsstyre på våren, slik at ein er klar å starte elevrådsarbeidet tidleg haust. Det er å føretrekke. Eventuelt kan nye elevar supplerast frå tidleg haust.

TAL SAKER TOTALT

Totalt har ombodet motteke 218 saker skuleåret 2016/2017, 102 frå elevar og 116 frå lærlingar. Det er framleis flest saker frå lærlingar, men 14 færre enn førre skuleår. Derimot er der ein auke på 6 saker totalt sett frå elevar.

Ikkje uventa har det vore flest spørsmål vedr den nye fråværsregelen, som vart innført ved skulestart 2016. Tal saker vedr læringsmiljø og §9a har gått litt ned i år samanlikna med i fjor, og har nok truleg samanheng med at ombodet har lagt mykje arbeid i det førebyggjande arbeidet mot mobbing. Saker som merkar seg ut frå lærlingar er spørsmålet om rabattordningar for buss og båt. I motsetnad til elevar har ikkje lærlingar slik rabatt. Vidare er det spørsmål om arbeidstid og lønn og korleis ta opp saker med overordna som merkar seg ut. Ombodet ser positivt på at lærlingar ber om råd til korleis dei sjølv skal ta opp saker med overordna. På den måten utviklar dei kompetanse på korleis dei handterer slike saker både på noverande og framtidig arbeidsplass. Når det gjeld arbeidstid og lønn er det tariffesta.

SAKER FRÅ ELEVAR	TAL SAKER
Spørsmål vedr den nye fråværsregelen	23
Korleis ta opp vanskelege saker med lærar og/eller rektor	9
Spørsmål vedr læringsmiljøet og § 9 a i opplæringslova	12
Spørsmål vedr forvaltningslova	4
Generelle spørsmål vedr vurdering i fag	5
Konflikthandtering elev-elev	4
Konflikthandtering elev-lærar	4
Permisjonssøknad, velferdsgrunnar	5
Fråvær av lærar - bruk av vikar	2
Psykisk helse	11
Elevar som vurderte å slutte, men som etter samtale vil fullføre	3
Spørsmål om inntak og formidling av skuleplass	6
Framgangsmåte ved klage på standpunktkarakter/eksamenskarakter	2
Tilpassa opplæring	5
Spørsmål om lån og stipend	7

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Lærlingar som vurderer å slutte, men ønskjer motivasjon til å fullføre læretida	4
Arbeidstid og lønn	12
Tilpassa opplæring	7
Mangel på arbeidsavtale	3
Spørsmål om ledig læreplass	8
Arbeidsmiljølova	9
Konfliktandtering lærling-fagansvarleg	7
Uklar arbeidsfordeling på arbeidsplassen	8
Forlenging av læretid	4
Spørsmål om rabattordningar (buss/båt) for lærlingar	13
Spørsmål om å byte læreplass	3

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Lærlingar som må avslutte læretida av helsemessige grunnar	2
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	5
Spørsmål om bruk av overtid	6
Spørsmål om heving av kontrakt	2
Spørsmål vedr oppmelding til fagprøve	4
Fagleg leiar/instruktør lite tilgjengeleg	5
Spørsmål om korleis ta saker opp med overordna	14

OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA

I tillegg til fylkeskommunen sine egne fagopplæringskontor i Nordfjord, Sunnfjord og Sogn følgjer her ei oversikt over dei andre opplæringskontora:

1. Bilbransjens opplæringskontor (BOK)
2. Blomsterdekoratørfagets Opplæringskontor
3. Byggmestrenes Servicekontor as Avdeling Sogn og Fjordane
4. Byggopp Sogn & Fjordane.
5. Foreningen Frisørfagets opplæringskontor
6. Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge
7. Nordfjord Opplæringskontor
8. Opplæringskontor for Heisfaget
9. Opplæringskontor for hotell- og matfag (OKHM)
10. Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene OKAB Sogn- og Fjordane
11. Opplæringskontoret for elektrofag Sogn og Fjordane NELFO
12. Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane (OKFH)
13. Opplæringskontoret for forsvaret/Vest (OfF/V)
14. Opplæringskontoret for Fotostudier OFS
15. Opplæringskontoret for hestefaget og hovslagerfaget
16. Opplæringskontoret for hotell- og restaurantfag i Hordaland
17. Opplæringskontoret for Indre Hordaland
18. Opplæringskontoret for Maritime Fag
19. Opplæringskontoret for Møbel-, Tre- og Mekanisk Industri
20. Opplæringskontoret for Offentlig Sektor, Okos
21. Opplæringskontoret for oljerelaterte fag
22. Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring
23. Opplæringskontoret for transport og logistikk
24. Opplæringskontoret i Austevoll
25. PRO-Opplæringskontorfor prosess.
26. Raise opplæringskontor for Frisører as
27. Sogn Opplæringskontor
28. Traktorbransjens opplæringskontor

UTFORDRINGAR FRAMOVER NÅR DET GJELD ELEVAR

Nytt lovforslag som omhandlar skolemiljø blir lagt fram våren 2017. Både noverande og kommande lovverk skal gi elevane rett til eit trygt skulemiljø med nulltoleranse mot mobbing. Det er viktig at elevar og foreldre veit om sine rettar, og at skuleleiing er oppdatert på gjeldande lovverk og handtering av dette. På skulane sine nettsider er det naturleg med informasjon når nytt lovverk er vedteke og korleis ein går fram for å melde frå om mobbing.

UTFORDRINGAR FRAMOVER NÅR DET GJELD LÆRLINGAR

Framleis er det lærlingar som strevar med å få læreplassar innan fleire bransjar, men ombodet har merka seg auka innsats på dette området. Det er viktig at det blir satsa på annonsering og oppfordring til kommunane om å ta høgde for eit visst tal læreplassar i budsjettprosessane.

Ombodet er blitt oppfordra til å løfte fram at rabattordningar på buss/båt for elevar i vidaregåande opplæring også bør gjelde for lærlingar. Så er herved gjort.

OPPSUMMERING

Eit godt læringsmiljø er viktig for å fremje både den faglege, personlege og sosiale utviklinga hos den enkelte elev og lærling. Elev- og lærlingombodet har lagt særleg vekt på å informere om gjeldande lovverk og involvere ungdom sjølv i å utvikle strategiar for å hindre at mobbing oppstår. Det handlar om å gi elevar og lærlingar verktøy i arbeidet med involvering, medverknad og medansvar for eige miljø. På alle skulebesøk haust og vår, på lærlingsamlingar og samtalar elles har dette vore via ekstra merksemd inneverande skuleår.

Ombodet nyttar høvet til å takke alle involverte partar for eit godt og konstruktivt samarbeid til beste for elevar og lærlingar!

Venke Nordeide
elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Framsidedfoto: Venke Nordeide